

## **KS – kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon**

Til  
KS Landsting

### **MEDLEMSKONTINGENT TIL KS 2009 – 2012**

./.

Sentralstyret har i sitt møte 14. desember 2007 handsama saka om "Medlemskontingent til KS 2009 – 2012" og tilrår Landstinget å vedta vedlagde forslag.

Halvdan Skard

Olav Ulleren

## **MEDLEMSKONTINGENT TIL KS 2009 – 2012**

### Framlegg til vedtak:

1. Modellen for utrekning av medlemskontingent vert vidareført i den forma han har hatt i siste landstingsperiode, men det vert gjort reelle justeringar både av satsar og beløpsgrenser. I sum inneber justeringane ei reell tilleggsjustering av kontingentinntektene på 15% for KS i løpet av den nye kontingentperioden. Denne nivåjusteringa, saman med naudsynte effektiviserings- og omstillingstiltak, vil gjere det mogleg for KS å styrkje organisasjonen sin kapasitet på område kor kommunesektoren står overfor nye og aukande utfordringar i den komande fireårsperioden.

Dei beløp og satsar som her vert vedtekne i 2007-verdiar, vert endeleg indekserte til 2009-verdiar, når grunnlagstala for løns- og prisvekst ligg føre for 2008.

2. Satsen pr innbyggjar vert auka gjennom perioden med 10 %, både for kommunar og fylkeskommunar. Justeringa skjer i to omgangar, 5% i 2009 og nye 5% i 2011.

3. Grunnbeløpet for kommunane vert auka med om lag 29.000 kr til om lag 60.500 kr. Denne oppjusteringa skjer i tilsvarande to omgangar, først til om lag 45 000 kr i 2009 og deretter til om lag 60 500 kr i 2011.

4. Ordninga med årlege justeringar av kontingenten og rammer, i samsvar med den reelle endringa i konsumpris-, folketals- og lønsvekstindeks, vert vidareført.

5. Inntektene frå opplæringskontingenten (KO) vert innarbeidd i dei ordinære innbyggjarsatsane og vert dermed fjerna som ei særskilt utrekning. Det vil seie at opplæringsatsen på 4,63 kr vert lagt til den ordinære satsen på 16,20 kr for kommunane og 13,27 kr for fylkeskommunane. I sum vert dette høvesvis 20,83 kr og 17,90 kr pr. innbyggjar. Desse satsane vert justerte i to trinn, først 5% i 2009 og nye 5% i 2011, i alt 10%. Opplæringskontingenten har ikkje vore avgrensa av maksimumsgrensa, og den nye ordinære kontingenten si maksimumsgrense vert dermed justert opp 30% totalt frå og med 2009, for å kompensere for bortfallet av den særskilte inntekta knytt til opplæring. Eit unntak gjeld for Oslo, som ikkje har teke del i opplæringskontingenten og difor heller ikkje får denne tillagt innbyggjarsatsen. Elles vert innbyggjarsatsane for Oslo justert tilsvarande i to trinn på 5%, medan oppjusteringa av maksimumsgrensa av same grunn vert avgrensa til 10%.

6. Kontingenten til FoU, som inngår i den totale kontingenten til KS utgjer 4,15 kr. pr. innbyggjar for kommunane og 3,12 kr. for fylkeskommunane i 2007. Både satsane vert justerte opp med 10%, som ei tilleggsjustering utover indekseringa, på line med kontingentsatsane elles, først med 5% i 2009 og deretter 5% i 2011. Ordninga med årleg inflasjonsjustering av desse satsane i høve til utviklinga i konsumprisindeksen vert vidareført, med den tillempinga at dei, som den ordinære kontingenten, heretter og vert indeksert med ein del for lønsveksten. Som ei forsiktig tilnærming og praktisk forenkling, kan den prosentvise delen av dei to indeksane setjast like store, det vil seie 50:50.

## **Innhald:**

1. Innleiing
2. Samandrag
3. Resultatrapport frå perioden 2004 – 2007
  - 3.1 Økonomi og rammevilkår
  - 3.2 Demokrati og handlefridom
  - 3.3 Organisering, kvalitet og effektivisering
  - 3.4 Arbeidsgjeverrolla.
4. Utfordringane framover
5. Fastsetjing av kontingent for 2008 - 2011
  - 5.1 Behov for ei nivåjustering
  - 5.2 Dagens modell for utrekning av kontingent, vedteke på Landstinget i 2004
  - 5.3 Effektivisering og betra økonomistyring i KS
  - 5.4 Framlegg til ny kontingent
  - 5.5 Alternative modellar
6. Vedlegg
  - 6.1 Fakta om kontingentinntektene i andre organisasjonar
  - 6.2 Kontingenten til bedriftsmedlemmane

## 1. Innleiing:

Medlemskontingenten for kommunar og fylkeskommunar i åra 2009-2012 skal fastsetjast på landstinget i 2008. I perioden fram til neste landsting vil landsstyret kunne gjere endringar, dersom særskilte forhold tilseier det.

Medlemmene er tent med ein enkel og oversiktleg modell for utrekning av kontingent, som kan gje organisasjonen den ønskjelege gjennomslagskrafta, og gje medlemmene resultat tilbake. Modellen for inneverande periode synest å ha fungert bra. Samstundes har det vokse fram eit behov for å justere nivået på dagens kontingentinntekter. Dette kan gjerast utan å endre modellen. Satsane vert eingongsjusterte, i tillegg til at den årlege indekseringa vert vidareført.

I det fylgjande vert det presentert ei rekke resultat KS har oppnådd for medlemmene i inneverande periode. Trass i ei effektiv utnytting av god og allsidig kompetanse i organisasjonen, opplever ein tydelege avgrensingar i kapasiteten. På viktige satsingsområde veks det fram utfordringar som KS bør møte med oppbygging av relevant kompetanse.

Utan auka ressursinnsats vil enda hardare prioriteringar tvinge seg fram. Dette handlar mellom anna om kor vidt det er mogeleg å auke gjennomslagskrafta i konsultasjonane med staten. Å fylgje opp intensjons-/samarbeidsavtalene med staten og syte for at desse får dei tilsikta resultatata for brukarane, kommunane og staten vert sær s viktig. Det dreier seg om å sikre medlemmene inntekter, som best mogeleg samsvarer med innbyggjarane sine forventningar ("rikdommens dilemma"). Det handlar i tillegg og om å tryggje kommunane sine framtidige behov for arbeidskraft, gjennom ein strategisk arbeidsgjevpolitik, og å sikre kommunesektoren rammevilkår, som gjer effektiv drift av ulike kommunale oppgåver og tenester mogeleg. Vidare handlar det om å kunne møte dei nye oppgåvene som kjem innan skule og utdanning, miljø, samferdsel, helse og omsorg, tryggleik og beredskap. Ikkje minst gjeld det og i kva grad det er mogeleg for organisasjonen å styrkje regionkontora.

## **2. Samandrag**

### **Interessearbeidet**

KS arbeider for å fremje medlemmene sine felles interesser. Ein organisasjon som kan gå tidleg inn i prosessar med ekspertise og erfaring, kan betre ivareta kommunesektoren sine behov.

Statlege styresmakter inviterer KS til samarbeid i ulike saker, og ventar at organisasjonen svarar på mange høyringar på vegner av kommunal sektor. Dei avtalene som er forhandla fram, erstattar ein-sidede statlege forskrifter og pålegg. Oppfylging av desse avtalene krev ein kontinuerleg ressursinnsats. KS informerer Stortinget om saker som er viktige for kommunesektoren, og driv eit aktivt påvirkingsarbeid både overfor stortingskomitear og politiske parti.

Ein stadig større del av rammevilkåra for norske kommunar vert vedtekne utanfor Noreg og innanfor EU og EØS-systemet. EØS-avtalen får konsekvensar for norsk kommunesektor både som tenesteproducent, forvaltar og på det demokratiske området. Difor må rammevilkåra og påverkast i Brussel. Det gjer KS, både direkte og gjennom sin europeiske paraplyorganisasjon.

Kvaliteten på argumenta er avgjerande for i kva grad ein blir høyrd og teke omsyn til. KS er avhengig av å kunne setje av store ressursar til utgreiing og forskning. I denne samanheng er det viktig med ein nær og open dialog med medlemmene. KS vil ta initiativ til gode møteplassar, men dette krev at organisasjonen har tilstrekkeleg med ressursar å setje inn.

### **Arbeidsgjevarorganisasjonen**

Når ein tek omsyn til både "turnover" og behov for ny arbeidskraft, må det dei næraste åra truleg rekrutterast omlag 50 000 nye medarbeidarar kvart år til kommunesektoren. Samtidig er arbeidsmarknaden vorte atskillig strammare.

Kommunesektoren står altså framføre omfattande utfordringar når det gjeld å rekruttere, halde på - og utvikle medarbeidarane i åra som kjem. Samtidig er krava til kvalitet og effektivitet i tenesteproduksjonen skjerp. For å møte desse utfordringane har KS lansert ein ny arbeidsgjevarstrategi: Stolt og unik – Arbeidsgjevarstrategi mot 2020.

I KS sitt tariffområde inngår alle medlemmer utanom Oslo. KS forhandlar med heile 40 ulike fagforbund som til saman representerer over 360 000 tilsette i kommunal sektor.

Målet er at avtaler og lønssystem vert utvikla kontinuerleg, slik at dei kan fungere som strategiske verkemiddel i velferdsproduksjonen, og at tenestene vert prega av god kvalitet, lokale variasjonar og effektiv ressursbruk. Medlemmene si tilbakemelding til KS er at dei ynskjer å prioritere lokal lønsdanning og alternative avløningsformer som stimulerer til gode resultat ut frå lokale behov.

I dette arbeidet må ein organisasjon som KS ha spisskompetanse innan tema som til dømes forhandlingsprosessar, avtaleverk og arbeidsrett, samt økonomiske

utrekningar av lønsvekst og kva konsekvensar denne har for kommunesektoren. Avtalane vert utvikla i samarbeid mellom partane i arbeidslivet, og kontinuerlig vert det arbeidd med partssamansette arbeidsgrupper, tvisteløysingar, opplæring og rådgjeving.

I Noreg har vi gode tradisjonar for eit trepartsamarbeid mellom arbeidsgjevar, arbeidstakarorganisasjonar og nasjonale styresmakter. Sjølv om dette samarbeidet til tider kan leggje beslag på store ressursar, har partane ei plikt til å delta som ein viktig del av det felles samfunnsansvaret. Samarbeidet er og ein viktig del av organisasjonane sitt påverknadsarbeid.

### **Medlemsorganisasjonen**

KS er kommunane, fylkeskommunane og medlemsbedriftene sin arbeidsgjevar- og interesseorganisasjon. Alle dei 431 kommunane og 18 fylkeskommunane i landet er medlemmer, og nesten 500 bedrifter er medlemmer i KS Bedrift.

Ein legg til grunn at den fulltalige tilslutnaden KS har som medlemsorganisasjon gjer ein unik legitimitet og gjennomslagskraft hos sentrale styresmakter og samfunnet elles. Eit viktig mål for KS er å kunne vere ein organisasjon som representerer *alle* medlemsgrupper. Den solide posisjonen organisasjonen har i dag legg eit godt grunnlag, men skal medlemmene sikrast gode resultat i åra som kjem, må organisasjonen styrkast og utviklast vidare for å kunne møte dei framtidige utfordringane.

### **Behov for å justere nivået på kontingenten.**

KS har i dag tydelege avgrensingar i kapasiteten. Det er eit gap mellom kva som er mogeleg for organisasjonen å ta på seg av oppgåver og dei utfordringar kommunesektoren står framføre. Undersøkingar blant medlemmene syner heilt klart at dei ventar seg mykje av KS..

For å halde oppe - og styrke kompetansen og kapasiteten på viktige felt, treng KS å auke dei framtidige inntektene, slik at organisasjonen kan vekse med minst 30 årsverk i komande landstingsperiode. Dette betyr ei eingangsjustering av nivået på kontingentinntektene med 15% i den nye fireårsperioden, utover den generelle indeksreguleringa frå år til år.

### **Framlegg til kontingentordning.**

Ulike utrekningssmodellar vart utgreia i 2004 og på ny no, saman med andre alternativ. Inkludert i dette har vi vurdert å erstatte satsane for talet på innbyggjarar med satsar rekna ut frå kommunane sine lønskostnader eller frie inntekter. Fordelen ved slike modellar synest ikkje å vege opp for ulempene, og det er ein fordel i seg sjølv å halde på ein enkel og velkjend modell som i dei komande åra kan gje ein kontingent ein kjenner storleiken på. Aktuelle justeringar og fordelingsomsyn kan ein oppnå innanfor rammene av den modellen ein har i dag, så denne vert tilrådd vidareført. Ekstraordinær opplæringskontingent vert no avvika fullt og heilt, og bruken av indeks for FoU kontingenten vert modifisert. Elles tilrår ein at det berre vert gjort endringar i satsar og beløp. Kommunane vil etter dette dekkje 65% av kontingenten, mens fylkeskommunane vil dekkje 35%.

### **3. Resultatrapport frå perioden 2004 - 2007**

#### **3.1 Økonomi og rammevilkår**

##### **Vekst i kommuneøkonomien**

Etter mange år med ein kommuneøkonomi i sterk ubalanse, er resultatene betra. Spesielt har den sterke veksten i dei frie inntektene i åra 2006 og 2007 medverka til å snu pessimisme til optimisme. Vedtaket om auke i dei frie inntektene med 5,7 mrd. kroner i 2006 var basert på KS sitt økonomiske utgreiingsgrunnlag og krav.

##### **Betre samhandling mellom stat og kommunesektor**

KS har gjennom fleire år arbeidd for ein forpliktande plan som skal sikre betre balanse i kommuneøkonomien. I Soria-Moria erklæringa forplikta regjeringa seg til dette, og gjekk samtidig inn for ei meir forpliktande konsultasjonsordning. Fleire element er komne på plass i denne landstingsperioden som gjer eit betre samspel mellom kommunesektor og stat.

Samarbeidsavtalene KS har inngått med Regjeringa er eit ledd i utviklinga av konsultasjonsordninga. Dei fleste er retta mot lokalt kvalitets- og effektiviseringsarbeid. KS ser avtalene som gode alternativ til direkte statleg styring gjennom til dømes øyremerkte ordningar og nasjonale minstenormer.

##### **Kostnadsutrekningar**

KS har fått på plass eit nytt system der vi samarbeider med staten om kostnadsutrekningar av reformer og oppgåveendringar. Ordninga skal medverke til at statlege reformer vert fullfinansiert. Då må ein både kjenne- og vere samde om kostnadane. Nyordninga har og eit system for å handtere mogeleg usemje.

##### **Aksept for vedlikehaldsetterslep**

KS har fått gjennomslag for at det eksisterer eit omfattande vedlikehaldsetterslep på kommunal bygningsmasse og vegar. FoU-rapporten "Beregning av etterslep i vedlikehold av fylkeskommunale og kommunale bygninger, kirker og veger i Nord-Trøndelag" (FOBE 2004) var ei god hjelp i denne samanheng.

##### **Pensjonsutrekningane endra**

KS fekk saman med KRD, KLP og Statens pensjonskasse endra utrekninga av pensjonskostnader i kommunerekneskapa. Godt samarbeid med medlemmer og fleire utgreiingar gav gode resultat. Endringa gjer at rammene i større grad er kjende, og førte til betre økonomisk resultat i 2005 og 2006. Fylkeskommunane reduserte 2005-kostnadene med 200-300 millionar kroner pga. endra AFP-føring

##### **Rentenedgang gav ikkje styrka kommuneøkonomi.**

Statens argument om at økonomien til kommunane vart styrka av rentenedgangen i 2003-2004, måtte i stor grad tonast ned etter at KS fekk utført ei utgreiing om dette. Forståinga vaks for at kommunesektoren måtte styrkjast økonomisk.

##### **Differensiert arbeidsgjevaravgift – 39 millionar**

Etter innspel frå medlemmane om utrekninga av kompensasjon for differensiert arbeidsgjevaravgift, sette KS si ekspertise på saka og tok den opp med Kommunal- og regionaldepartementet. Resultatet vart 39 millionar kroner til kommunesektoren frå staten for 2004 og 2005.

### **Momskompensasjon - 450 millionar**

I 2005 var det behov for eit etteroppgjer på om lag 450 mill kroner, for at ingen skulle tape på innføringa av momskompensasjonsordninga. God kontakt med medlemmene og analyser og fakta til fleire departement og Stortinget gav resultat.

### **Skatteinnkrevjinga - framleis ei kommunal oppgåve**

Statlege byråkrati ønskjer å overta skatteinnkrevjinga frå kommunane. KS har i heile perioden jobba saman med medlemmene for at ansvaret på dette området framleis skal vere kommunalt. Høyringsrunden på NOU 2004:12 "Bedre skatteinnkreving", synte eit overveldande fleirtal for framleis kommunal skatteinnkrevjing (2005).

### **Rammefinansiering av barnehagar**

KS har fått gjennomslag for at barnehagar skal finansierast via rammetilskot når full dekning er oppnådd. KS har medverka med dokumentasjon og analyser knytt til verknader av barnehagereforma, m.a. konsekvensar på etterspurnaden når prisen vert lågare, og krav om ei tydeleggjering av kva mynde kommunane har i barnehagesektoren.

### **Flyktningar og integrering**

KS medverka til ei reell auke av Integreringstilskotet frå 365 000 kroner til 470 000 pr. person. Dette gjer det mogeleg å drive ei aktiv integrering av ynskt arbeidskraft. Integreringstilskot til familieforeining vart gjeninnført frå 1. januar 2006. Asylsøkjjarar med avslag er no eit ansvar for staten. Tidlegare låg det på kommunane og førte til store utbetalingar til sosialhjelp. Frå 2006 er det oppretta ventemottak for desse. Det er dokumentert manglande kompensasjon for kommunar med asylmottak, ressurskrevjande brukarar, tilskot til norsk og samfunnskunnskap.

### **EØS-avtalen**

Ein reknar med at om lag halvparten av sakene i eit kommunestyre er påverka av EØS regelverk. Sidan EØS-avtalen vart inngått i 1994 er om lag 5000 EU rettsaktar vorte innlemma i norsk lov. Sju av ti har relevans for kommunesektoren. Avtalen grip inn i rollene som tenesteytarar, arbeidsgjevarar, forvaltarar, som utøvarar av mynde, og som næringsutviklarar. Ansvaret som samfunnsutviklar må utøvast i lys av regelverk som er vedteke i EU og som vert innført i vårt land gjennom EØS avtala.

KS skal vere ein god utviklingspartner når medlemmer ynskjer å auke sitt europapolitiske engasjement. Det er ei omfattande oppgåve å fylgje med på utviklinga i EU/EØS. KS fremmjer kommunesektoren sine interesser gjennom alle tilgjengelege kanalar, både overfor EU og statlege styresmakter i Noreg, slik at nytt EØS regelverk vert best mogleg tilpassa norske tilhøve. KS syter og for informasjon og rettleiing til medlemmene, slik at regelverket vert kjent og handheva på korrekt måte.

## **3.2. Demokrati og handlefridom**

### **Forvaltingsreforma**

KS har vore initiativtakar- og lagt mykje av premissene for debatten om ei forvaltingsreform. To landsstyrevedtak og fleire faglege utgreiingar har danna grunnlaget.

Både KS og fylkeskommunane la fram sitt syn for Stortinget om behovet for ei meir omfattande reform enn regjeringa har lagt opp til. I tett kontakt med fylkeskommunane er sentrale oppgåveområde i reforma både utdjupa og konkretisert. Medlemmene og KS har nytta dette inn mot Stortinget si handsaming av meldinga.

Arbeidet er fylgd opp med ytterlegare utdjupingar av korleis oppgåver kan verte overtekne og styrast av de nye regionane, både dei oppgåvene Stortinget har gått inn for, og fleire nye. Stortinget har i tråd med KS sine ynskje vedteke å vere open for innspel på nye oppgåver til regionane fram til Stortingets skal handsame saka våren 2008. Mange oppgåver er alt på plass i høve til regionane, men det er viktig å få på plass ein del gråsoneoppgåver, til dømes innafor miljø, landbruk og samferdsel.

KS har heile vegen halde seg informert om status for samanslåingsprosessane. Mykje er avhengig av den endelege oppgåveporteføljen.

### **Grunnlovsfesting av lokalt folkestyre**

KS medverka til at grunnlovsfesting av lokalt sjølvstyre vart fremja i førre stortingsvalperiode av representantar frå eit fleirtal av partia. Både sentralstyret og fylkesstyra i KS har vore i kontakt med mange stortingsrepresentantar og lagt fram argumentasjon for grunnlovsfesting, samt gjeve ei vurdering av dei framlagte forslaga.

Ingen av grunnlovsforslaga fekk stort nok fleirtal i Stortinget, men det vart vedteke å setje ned eit breitt samansett utval, for å utgreie kva konsekvensar ei mogleg grunnlovsfesting av lokalt sjølvstyre vil ha for anna lovgjeving overfor kommunane.

### **Friare skattlegging**

Ei kommunal offentleg utgreiing frå KS (KOU) medverka sterkt til debatten om retten til friare skattlegging for kommunane. Målet er å styrkje lokaldemokratiet. Utgreiinga vart godt motteke hos kommunalministeren og i media. Den vart sendt på ei brei høyring i 2005/2006. Ny rapport vert lagt fram i 2007. KS har vunne forståing for at friare kommunal skattlegging ikkje representerer noko utfordring for den makroøkonomiske stabiliseringspolitikken. KS arbeider no for å syne at friare skattlegging kan gje meir effektiv bruk av ressursane, og dermed auka velferd.

### **Folkevaldprogrammet**

Etter lokalvalet i 2003 gjennomførte ni av ti kommunar eit todagars Folkevaldprogram (basisdelen) i regi av KS. I tillegg har ein av tre kommunar saman med ein rettleiar frå KS gjennomført ein Folkevaltdag ut frå valfrie tema.

### **Utdanningssektoren og Kunnskapsløftet**

KS og kommunesektoren såg behovet for eit systemskifte - frå ein sentral- og detaljstyrt skule til større fridom, tillit og ansvar til den einskilde kommune og fylkeskommune (skuleeigar) og skule. Kunnskapsløftet er innført som verkty for oppgradering av skulen i perioden 2005 – 2008. Dette har sentralstyret i KS fylgt opp gjennom to større saker om kvalitet i grunnopplæringa og om skuleeigarrolla i endring. Saman med staten og lærarorganisasjonane, har KS utarbeidd ein overordna strategi for kompetanseutvikling knytt til Kunnskapsløftet.

Dei ekstra statlege midla vert fordelt til skuleeigar etter objektive måltal, på bakgrunn av lokalt vedtekne planar og utan omfattande søknadsprosessar.

Forhandlingsansvaret for undervisningspersonalet vart etter mange års innsats overført frå staten til KS, med verknad frå 2004. KS har lagt ned mykje arbeid i å førebu, gje opplæring i- og fylgje opp ei ny arbeidstidavtale. Også handsaminga av brot etter forhandlingane om lokale arbeidstidsavtaler er eit viktig arbeidsområde. Det er halde ei rekke kurs når det gjeld hovudavtale og anna avtaleverk kor skuleleiarar er ei viktig målgruppe.

KS har lagt stor vekt på å involvere og inspirere folkevalde til å ta aktiv del i gjennomføringa av Kunnskapsløftet i eigen kommune/fylkeskommune, mellom anna gjennom eigne hefte og temadagar med høg oppslutnad. Årlege skulekonferansar vert gjennomførte.

Kurset "Rektor som arbeidsgjevar" er gjeve som tilbod til medlemmene. Eigen modul i KFs Infoserie – "KF Skole" skal hjelpe medlemmene med å handtere avtaleverket for undervisningspersonalet.

Kurset "Skolejuss" fekk stor deltaking, noko som stadfestar behovet for å tilby denne forma for "skreddarsaum". Arbeidet med "Manifest mot mobbing" er eit døme på godt samarbeid, som har hatt og har ei brei spreiding, og som har sett fokus på psykososialt miljø.

Det er inngått ei ny avtale mellom Kunnskapsdepartementet og KS om kvalitetsutvikling i heile grunnopplæringa (grunnskulen og vidaregåande opplæring). Arbeidet vert kontinuerlig følgt opp, først og fremst gjennom arenaer for nettverksarbeid både på kommunalt (grunnskole) og fylkeskommunalt (vidaregåande opplæring) nivå gjennom Effektiviseringsnettverka.

Det er gjennomført fleire utgreiings- og dokumentasjonsprosjekt om:

- rektor som utviklar av skulen og om skuleleiarrolla
- merksemd på kvalitet og innhald i skulen blant politisk og administrativ leiing
- kompetanseutvikling blant dei tilsette
- lærlingar i kommunal sektor
- miljø for læring med vekt på det fysiske miljøet i regelverket
- felles leiing skule/barnehage eller mellom skular
- idéhandboka "Sammen om en bedre skole – kvalitetsutvikling gjennom dialog".

### **Etikk**

KS vil gå framføre, med proaktive initiativ til styrking av kommunesektoren sitt etiske medvit og omdømme. Kommunesektoren har oppretta eit eige etikkutval. Utvalet skal medverke til å setje etiske problemstillingar på dagsorden og gje råd til kommunesektoren.

Det er oppretta eit register der kommunalt folkevalde og tilsette kan registrere sine styreverv og økonomiske interesser. Det er utarbeidd ein etikkrettleiing og eit framlegg til varslingsssystem. Det er no ei endå sterkare satsing på etikk i all opplæring som vert arrangert i regi av KS.

### **Utviklar demokrati utanlands**

Mange norske kommunar medverkar aktivt i utviklinga av lokaldemokrati og godt styresett i andre land. Det internasjonale prosjektsamarbeidet vert finansiert av UD, Norad og EU/EØS, og betyr at medlemmene sin kommunale og regionale kompetanse er vorte "eksportvare". Tilbake importerast ny kunnskap, motivasjon og venskap.

KS har ei viktig rolle som koordinator og rettleiar for medlemmer som ønskjer å utvikle sitt internasjonale samarbeid. Utfordring til KS i åra framover vil vere å kunne svare på medlemmene sin etterspurnad etter kunnskap om ulike finansieringsalternativ, eller formelle krav til internasjonalt samarbeid og kulturforståing.

### **Bærekraftig samfunnsutvikling**

I samarbeid med Miljøverndepartementet har KS sett i gang eit nettverksbasert utviklingsprogram om bærekraftig samfunnsutvikling – "Livskraftige kommunar". 200 kommunar vil delta i dette programmet i 2007.

## **3.3. Organisering, kvalitet og effektivisering**

### **Effektivisering og kunnskapsutveksling**

Dei har alle funne forbetningsområde, dei over 350 kommunane og bydelane som har delteke i Effektiviseringsnettverka i perioden. Portalen "www.bedrekommune.no" inneheld no data frå nesten 300 kommunar. Det er gjennomført medarbeidarundersøkingar hos over 70 000 medarbeidarar i kommunal sektor. Tilsette i kommunane trivs godt på jobben og er stolte over arbeidsplassen sin. Resultata vert no nytta til systematiske forbetningar av arbeidsmiljøet. Satsinga har og ført til at brukarmedverknad og brukardialog er vorte viktigare, og at styringsinformasjon til folkevalde organ er blitt betre.

### **eKommune 2009**

KS har sytt for at kommunesektoren har kome på offensiven i å nytte elektronisk forvaltning og har fått positive tilbakemeldingar frå staten i så måte. KS har sett i gang eit landsomfattande moderniseringsprogram med IKT som verkemiddel. Søkjelyset vert sett mellom anna på standardisering, fri programvare, dialogbaserte tenester overfor innbyggjarane, effektivisering av pleie og omsorg ved hjelp av ny teknologi og betre samhandling og datautveksling mellom 1. og 2. linetenesta.

### **Framtidas omsorgstenester**

Det er inngått ei kvalitetsavtale med staten om helse- og omsorgstenesta. Som følge av den gamle - og den nye avtalen er fleire tiltak gjennomførte. FoU-prosjektet "Framtidens omsorgstjenester" er ferdigstilt. Det er utarbeidd debattopplegg, underlagsdokumentasjon og fleire kronikkar, samt gjennomført fem regionale konferansar saman med HOD.

### **Styring og leiing**

Leiingsprogrammet "Krefter i bevegelse", mentorprogrammet for rådmenn; "Rådmentor" er utvikla og gjennomført. Ein rettleiar for eit meir balansert og heilskapleg styringssystem i kommunane er utvikla. Ny policy for leiing er vedteke for kommunesektoren, med ei tipunkts liste for god leiing.

### **”Flink med Folk” med resultat**

280 kommunar har delteke i ”Flink med folk”, som har som oppgåve å forbetre kvaliteten i pleie og omsorg gjennom betre leiing. Satsinga var i stor grad ein suksess og innsatsen på området held fram.

### **3.4. Arbeidsgjevarrolla**

#### **Lønnsoppgjera innanfor ramma**

Lønnsoppgjera i landstingsperioden er gjennomført utan konflikhtar, og med økonomiske rammer tilpassa kommunesektoren sin økonomi. Samtidig er det forhandla fram ny hovudavtale for KS-området. Overføringa av lærarane til KS-området førte til at KS no forhandlar tariffavtaler for 70.000 fleire arbeidstakarar.

2007: Partane kom til forhandlingsløyising.

2006: Hovudoppgjeret i 2006 vart sær s vanskeleg, men ein lukkast å unngå ein frykta storstreik i kommunesektoren. Det vart forhandla fram rammer for lokal fastsetjing av arbeidstidsavtaler for undervisningspersonalet, med utgangspunkt i lokale utviklingsmål. Partane vart og samde om ei ny hovudavtale, og har for første gang i fellesskap utarbeidd og gjennomført ei felles opplæring.

2005: Mellomoppgjeret vart gjennomført raskt. Partane kom frem til ei forhandlingsløyising før fristen 30. april.

2004: Oppgjeret i 2004 var sær omfattande og komplisert. Undervisningspersonalet sitt omfangsrike og detaljerte avtalesystem frå tida i staten, skulle no over til det rammeprega kommunale avtaleverket. Partane klarte, etter ei lang mekling, å verte samde om *eit* sett tariffbestemmelsar. Den sær lange prosessen med å få lærarane ”kommunalisert” var gjennomført.

#### **Medlemsservice på arbeidsgjevarområdet**

KS Medlemsservice er etterspurd og tek dagleg i mot opp til 100 førespurnader pr. telefon. Tenesta er under kontinuerlig evaluering og utvikling. Det er og auka etterspurnad etter tenestene som vert tilbydd i e-journalsystemet. Opp mot 5000 førespurnader vert det svart på kvart år.

#### **Arbeidsgjevarstrategi 2020**

”Arbeidsgjevarstrategi 2020” er utvikla med ei brei medlemsinvolvering. Den vil danne grunnlaget for KS sitt arbeid med arbeidsgjevarrolla og setje fokus på dei komande arbeidsgjevarutfordringane . Strategiane dreg og opp rammene for den enkelte kommune sitt arbeid med arbeidsgjevarutfordringar.

#### **Rekruttering**

Med det høge aktivitetsnivået vi vil sjå i åra framover, vil ein god rekrutteringsstrategi verte særdeles viktig for kommunesektoren. KS utviklar strategien og syt for at den vert følgt av dei verkemiddel og systemverktøy som trengs, så vel som å synleggjere naudsynte innsatsfaktorar. Unge kommunetilsette i heile landet er presentert på [www.mittvalg.net](http://www.mittvalg.net), som informerer om moglege yrkesval og utdanningsveggar i

kommunal sektor. Stikkord er "aksjon helsefag", "mitt val", deltidspromatikk og arbeidsinnvandring.

Ei ressursgruppe for integrering og inkludering av personar med etnisk minoritetsbakgrunn til arbeidslivet vart etablert hausten 2006.

KS gjennomfører årlege arbeidsgjevarkonferansar med god deltaking og god mediedekning. Eit mål er å gjere kommunesektoren meir attraktiv som karriereveg.

### **Inkluderande arbeidsliv**

Intensjonsavtalen om eit meir inkluderande arbeidsliv 2006-2009 er ei vidareføring av tidlegare avtale og syner fram arbeidsplassen som den viktigaste arenaen for inkludering. I arbeidet med seniorpolitikk har mange kommunar synt eit stort engasjement. FoU-prosjektet "Økt bruk av eldre arbeidstakeres ressurser- der erfaring og visdom teller" er gjennomført.

### **Ny arbeidsmiljølov**

KS la ned eit stort arbeid i høve til ny arbeidsmiljølov som trådde i kraft 1. januar 2006. Merknadane er sitert fleire stader i proposisjonen. Resultata vert vurdert som gode i høve til det som var politisk mogleg å få til. KS dreiv eit omfattande informasjonsarbeid og arrangerte fleire kurs.

### **KS Bedrift medverkar til betre resultat for medlemmene**

#### **Samfunnsansvarleg forretningsdrift**

KS Bedrift har gjennom si satsing og synleggjering av samfunnsansvarleg forretningsdrift, medverka til å auke fokuset på særpreget knytt til kommunalt eigde selskap. Majoriteten av dei kommunalt eigde selskapa leverer varer og tenester innbyggjarane er grunnleggjande avhengige av, og det er difor viktig at dei ulike bransjane og det enkelte selskap står fram med eit godt omdøme.

I denne samanhengen er vektlegging av eigarrolla og etisk handlemåte spesielt fokusert i perioden. [www.styrevervregisteret.no](http://www.styrevervregisteret.no) er oppretta og opna. I tillegg er det utvikla ein egen etikkrettlei for bedriftene. KS Bedrift tok initiativet til oppretting av KS Eigarforum, som no er etablert.

#### **Auka fokus på næringspolitisk arbeid**

KS-Bedrift har vore ein aktiv aktør innanfor næringspolitikk for energi-, avfall-, VA- og revisjonsbransjen, og har sett heimfallsproblematikken på dagsorden, gitt viktige innspel til utviklinga av støttesystem til fornybar energi og ytt vesentlege bidrag i samband med ny inntektsrammeregulering for nettverksemda.

#### **Arbeidsgjevarpolitikk**

Tariffoppgjera i energisektoren er gjennomført utan konflikt i perioden. KS Bedrift har med tanke på behovet for skreddarsaum, vektlagt å opprette ulike arbeidsgjevarpolitiske nettverk innanfor den enkelte bransje.

#### **Medlemstalet**

Medlemsmassen er auka med om lag 17% i landstingsperioden. Auka har spesielt skjedd innan teknisk sektor, der ein no har organisert majoriteten av avfallsbedriftene samt dei fleste brannselskapa. Energisektoren er framleis den

største enkeltbransjen, med i i hovudsak lokale og regionale nettselskap, men og enkelte store produksjonsselskap.

#### **4. Utfordringane framover**

##### **Faktagrunnlag om kommunane og samfunnsøkonomien**

KS arbeider for å skape auka forståing for kommunesektoren si rolle og funksjon i samfunnsøkonomien. KS utviklar- og legg til rette fakta og analyser for Stortinget, Regjeringa og media – i tillegg til eigne medlemmer og leiing.

##### **Tarifforhandlingar og kommunikasjon**

Over 360 000 arbeidstakarar er organisert i om lag 40 fagforbund som har samla seg i fire forhandlingssamanslutningar, som møter KS som arbeidsgjevartmotpart i forhandlingane. KS har ei særskild effektiv drift av sitt forhandlingsapparat, og det er høg kompetanse i organisasjonen. KS vil som kommunesektoren sin arbeidsgjevarorganisasjon stå overfor forhandlingsmotpartar som disponerer vesentleg meir ressursar enn KS. For å kunne ivareta desse oppgåvene på ein fullgod måte, bør det vere eit rimeleg balansert styrkjeforhold mellom forhandlingspartane, både med omsyn til å trekkje på riktig kompetanse og tilstrekkeleg kapasitet. Pr i dag råder dei viktigaste arbeidstakarorganisasjonane kvar for seg over ressursar som er så mykje høgare enn kva KS har til rådvelde, at det er vanskeleg å samanlikne.

Sjølv om vi ikkje kan ta sikte på å byggje opp så stor stab på dette området i KS, er det opplagt at KS vil ha behov for å styrkje eigen organisasjon, dersom vi som arbeidsgjevar skal kunne møte det trykket arbeidstakarorganisasjonane representerer.

”Kampen” om opinionen gjennom media, er og ei svært ressurskrevjande oppgåve for organisasjonen. Det er ei utfordring i seg sjølv å vinne fram med ein balansert versjon i det mediebildet vi har i dag.

I 2008 vil tariffoppgjeret mellom anna måtte avklare korleis dei kommunale tenestepensjonsordningane skal tilpassast til den nye folketrygda. KS førebur seg på den store oppgåva saman med partane og andre instansar som er involvert i problematikken.

##### **Lover og regelverk**

Medlemstilbodet for juridiske tenester er utvida i inneverande periode. KS Advokatane dekkjer dei fleste rettsområde som medlemmene har bruk for. Medlemmene vert tilbydd fri medlemservice innan visse rammer og advokathjelp på fordelaktige medlemsvilkår.

KS Advokatane gjer dagleg råd og hjelp til ei rekke medlemmer i arbeidsrettslege spørsmål. Medlemsundersøkinga syner at medlemmene reknar dette som viktig og at ein gjennomgåande er godt nøgd med denne verksemda.

På eigedomskatteområdet har KS/KSE medverka til ei prinsipiell avklåring av om det er mogleg for kommunane å skattleggje elektroniske kommunikasjonsanlegg, gjennom å ha prosedert to saker for Høyesterett i 2006. Både sakene enda med full siger for kommunane. På regelverksida medverka KS til endringar i

eigedomsskattelova i 2006, slik at kommunane no har valfridom til å skrive ut eigedomsskatt i heile kommunen. Eit viktig arbeid som no går føre er å overbevise Finansdepartementet og lovgjevar om behovet for meir hensiktsmessige sakshandsamingsreglar.

Det ligg ei utfordring i å samordne dei kommunale helse og sosialtenestene som er forankra i kommunehelsetenesteloven og sosialtenesteloven (Bernt utvalet) KS vil og arbeide for ei ny forvaltningslov som er betre tilpassa kommunesektoren.

Regelverket for offentlege innkjøp og offentlig støtte er til dels komplisert. KS har ein ambisjon om å påverke regelverket og rettsutviklinga i ønska retning. Det er dessutan et klårt behov for opplæring og rådgjeving innanfor desse rettsområda.

Det er prosedert ei rekkje saker for Arbeidsretten og dei alminnelege domstolane. Langt dei fleste er avslutta med eit godt resultat for KS/medlemmene.

### **Konsultasjonar med staten**

Kommunal sektor har behov for ein langsiktig og stabil økonomisk balanse, større økonomisk handlefridom for satsing på vedlikehald, og prioritering av skatteinntekter og rammetilskot framfor øyremerkte tilskot. Det er framleis store utfordringar knytt til å betre samspelet mellom kommunar og stat; ei endå betre og meir forpliktande konsultasjonsordning, meir rammestyrt og mindre detaljert statleg styring. Konsultasjonsordninga må forankrast betre blant medlemmene. For at påverknaden frå medlemmene skal verte god nok, krev dette stor organisasjonsmessig merksemd og prioritering.

Framleis er behovet stort for betre samspel mellom spesialisthelsetenesta og kommunane; økonomiske verkemiddel, klårare grensedragingar i høve til ansvars plassering m. v.

NAV-reforma er ei stor og krevjande reform. Det må kjempast kampar kvar dag for at reforma i praksis skal vere basert på likeverd og partnerskap mellom stat og kommunar, og dette medfører eit stort fagleg oppfølgingsansvar med omsyn til kompetanse, arbeidsprosessar osb.

Barnehagereforma inneber ei utfordring i det å sikre ein forsvarlig overgang til rammefinansiering, kommunal handlefridom og kvalitetsutvikling. Likeeins er det store oppgåver knytt til flyktingar og integrering.

Det dreier seg mellom anna om behov for betre tilrettelegging av norsk med samfunnskunnskap samt introduksjonsprogrammet. Innanfor barnevern er og behovet stort for betre samspel mellom det statlige og det kommunale barnevernet.

### **Skole og utdanning**

Som skuleeigar og arbeidsgjevar står kommunane og fylkeskommunane overfor store utfordringar innanfor utdanningssektoren. Dette stiller store krav til KS, både i fylka, regionane og sentralt, om å hjelpe medlemmene i arbeidet med å vere lokal og regional utdanningsmynde, her under ansvaret for å drive og å utvikle grunnskulen og vidaregåande opplæring slik Kunnskapsløftet krev. Det vil vere særleg viktig å hjelpe medlemmer med å utvikle sitt eige system for kvalitetsvurdering og oppfølging. I tillegg vil ei betre lærarutdanning med større nærleik mellom teori og praksis vere ei viktig oppgåve å ta fatt i for kommunesektoren. Ei eiga oppgåve ligg i behovet for å

halde lærarar med stor fagleg kompetanse og lang erfaring i arbeid, om vi skal unngå stor lærarmangel i åra som kjem. I 2010 skal det på nytt forhandlast om undervisningspersonalet si arbeidstid. Det vil krevje utgreiing og dokumentasjon i forkant av forhandlingane. Skal vi lukkast med vårt felles oppdrag om ei forbetring av elevane og læringane si læring og resultat i den offentlege fellesskulen, må vi intensivere arbeidet med dialog og bygging av gjensidig tillit, i samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane.

### **KS i regionane**

Fylkesstyra uttaler i ulike samanhengar at dei ønskjer å medverke meir aktivt til å løyse regionale utfordringar. Sentralstyret ser og dette som ei viktig oppgåve for fylkesstyra og rådmannsutvala. Om ein skal lukkast på dette området må KS i regionane styrkjast økonomisk.

### **KS Bedrift**

Konkurransetilvilkåra til kommunalt eigde selskap er under endring i EU og Noreg. Det vert og reist spørsmål ved organiseringa av - og eigarskapet til kommunalt etablerte selskap. KS Bedrift ønskjer å bygge opp tilbodet på det næringspolitiske området og vidareutvikle samarbeidet med relevante bransjeorganisasjonar. Kommunalt eigde selskap er avhengige av godt omdøme og tillit hos innbyggjarane, hos styresmaktene og hos eigarane. Det er behov for utvikling av alternative energikjelder (energi/avfall) knytt til klimautfordringane, og likeeins ein tilpassa tariffavtale for dei konkurranseutsette bedriftsmedlemmene

### **Den samfunnsaktive kommunen**

Med omgrepet den samfunnsaktive kommunen, vert det fokusert på innsatsområde som energi og klima (kommunar tek ansvar i høve til ei bærekraftig utvikling), utvikling av næring og lokalsamfunn, nye regionar og lokaldemokrati som grunnleggjande verdi for samfunnsutviklinga

- **Energi og klima - kommunesektoren tek ansvar (bærekraft)**

Regjeringa set fokus på klimautfordringane, og kommunesektoren får ansvar for å medverke til reduserte utslepp av klimagassar og global oppvarming. Det er mogleg for kommunesektoren å redusere egne utslepp. Samtidig kan sektoren stille krav og leggje tilhøva til rette for reduksjon i forbruk og overgang til fornybar energi.

KS og kommunesektoren vil i komande 4-årsperiode ta ei meir aktiv rolle i klimapolitikken. Gjennom konkrete handlingsplanar bør vi syne at kommunen tek sin del av ansvaret for å redusere utslepp av klimagassar i størrelsesorden 30%. Samtidig må staten utfordrast på sitt ansvar, mellom anna gjennom å gje kommunesektoren rammer som gjer at den kan vere ein aktiv pådrivar for reduksjon av klimautslepp i sine lokalmiljø. Dette er ei ny oppgåve for KS som interesse- og medlemsorganisasjon, og krev at KS både utviklar og vert tilført ny kompetanse. Medlemmene etterspør kompetanse og tenester på området. Viktige område vil vere utnytting av alternative energikjelder, vasskraft som fornybar energikjelde, areal- og samferdslepolitiske utfordringar, ENØK-tiltak, og ressursforvaltning.

- **Lokalsamfunnsutvikling**

Kommunen er bærebjelken for utviklinga av livskraftige og trygge lokalsamfunn. Gjennom aktiv tilrettelegging, og i samspill med næringsliv og borgarane kan kommunane vidareutvikle gode plassar å bu og leve. Kommunesektoren sine oppgåver og ansvar for å førebyggja kriminalitet må prioriterast, for å gjenskape eit samfunn som kan kjenneteiknast av tryggleik og omsorg.

Dei aukande klimautfordringane og behovet for tryggleik i det offentleg rom, må føre til forsterka tiltak innanfor samfunnssikkerheit og beredskap. KS må kunne gje medlemmene relevant hjelp på området, samtidig som KS må leggje press på staten til å ta sin del av dei lokale utfordringane gjennom mellom anna politistyresmaktene. Programmet "Livskraftige kommunar" vil være viktig i så måte.

- **Næringsutvikling**

Styresmaktene si rolle som tilretteleggjar for eit næringsliv med visjonar om bærekraftig utvikling er krevjande. Dei nye regionane må få ei viktig rolle som regional utviklings- og næringspolitisk aktør. KS, som den samlande organisasjonen på regionalt nivå, vil ha ei viktig pådrivarrolle for fellessatsingar knytt til nærings- og lokalsamfunnsutvikling. Korleis kommunane utøvar si rolle som eigarar av viktige kommunale og interkommunale verksemdar, vil få auka betyding. Likeeins korleis sektoren skal løyse framtidige behov for arbeidskraft, kompetanseutfordringar i eit næringsliv og lokalsamfunn under omstilling.

- **Nye regionar**

Det er uavklart om dei framtidige regionane vert færre enn dagens fylkeskommunar. Stortinget si handsaming av St. meld. 12 kan gje grunnlag for samanslåingar av dagens fylkeskommunar. Regionar med nye oppgåver og mogleg samanslåing av fylkeskommunar vil krevje eit omfattande utgreiingsarbeid knytt til finansiering. KS vil vere sentral i eit slikt utgreiingsarbeid.

Nye oppgåver for regionane skaper behov for ei vitalisering av demokratiet på regionalt nivå, med aktive samhandlingsarenaer med folkevalde på kommunalt og statleg nivå.

Samtidig vil nye oppgåver og ansvarsområde utfordre regionane både administrativt og fagleg. KS vil som medlemsorganisasjon medverke til dette saman med dei nye regionane.

- **Lokaldemokrati som grunnleggjande verdi for samfunnsutviklinga**

Lokaldemokrati handlar først og fremst om grunnleggjande forståing for - og haldning til lokaldemokratiet som verdi og basis for samfunnsutvikling. Langtidsstrategien skal med utgangspunkt i lokaldemokratiplattformen omhandle korleis KS og medlemmene skal samarbeide for å vidareutvikle lokaldemokratiet.

Friare rett til skattlegging er samfunns- og demokratiutvikling med bruk av økonomiske verkemiddel. Friare inntektsfastsetjing kan vitalisere lokalpolitikken og rolla som lokalpolitikar. Siktemålet er at veljarane i lokale val skal kunne ta stilling til omfang og kvalitet på ein slik skatt. Målsettinga er at 10 – 15 kommunar prøver ut retten til å skrive ut lokal inntektsskatt.

KS vil medverke til auka samhandling mellom kommunane og 3. sektor, med målsetting om å utvikle ein politikk for friviljug innsats, i skjeringspunktet mellom kommunen som samfunnsutviklar og velferdsprodusent. Nye lokale samhandlingsmodellar og modellar for finansiering skal prøvast ut i perioden. KS vil ha behov for ny kompetanse for å utvikle modellar som gjer det mogleg for kommunane å auke samfunnsengasjementet.

Vitalisering av lokaldemokratiet ("Lokaldemokratiplattform") og tilhøvet mellom det representative og det deltakande demokratiet er sentrale mål. Viktige område er mellom anna rekrutteringsproblematikken, kommunestyret og interkommunalt samarbeid, lokalt sjølvstyre og tilhøvet til staten, retten til friare skattelegging, og forsøk med utskriving av lokal inntektsskatt, og mange utfordringar knytt til generalistkommuneprinsippet.

## **5. Fastsetjing av kontingent for 2009 - 2012**

### **5.1 Behov for ei nivåjustering.**

KS som organisasjon har styrka si stilling gjennom den siste landstingsperioden. Det er orden på økonomien, omdømet er godt og det er bygd opp god og viktig kompetanse på utviklingsområde der kommunar og regionar står overfor store utfordringar. Samtidig opplever KS allereie eit tydeleg gap mellom kva medlemmene etterspør og kva organisasjonen har kapasitet til. Sjølv om KS framleis vil leggje vekt på effektivisering, er det vanskeleg å gå tyngre inn i eksisterande oppgåver eller ta på seg nye innanfor dei inntektsrammer vi har i dag. I lys av dei store utfordringane kommunesektoren står overfor i komande periode, vil KS som reiskap for kommunesektoren sine interesser kunne verte varig svekka dersom ikkje kontingentinntektene vert auka nok til å kunne styrkje fleire viktige medlemstenester. Alternativet vil vere å tilby fleire tenester etter særskilt tilleggskontingent, men dette vil på sikt fragmentere medlemstilbodet. Dei fleste tunge oppgåvene er så generelle at dei bør inngå i ei felles medlemsteneste.

Vedvarande sterk inntektsutvikling for privat sektor og staten, set kommunane i ei klemme, som tilbydar av eit bredt spekter med arbeidsintensive velferdstenester. KS har auka merksemda om denne utfordringa ved å setje omgrepet "Rikdommens dilemma" på dagsorden. Innbyggjarar og interessegrupper stiller mykje større krav enn før og media driv opp tempokravet med omsyn til responstid.

Både kommunesektoren og KS står overfor nye utfordringar som det må byggjast opp ny kompetanse for å møte. Både å rekruttere, utvikle og halde på kritisk kompetanse vil vere ei sentral utfordring framover. At behovet for kompetanseoppbygging fell saman med eit komande generasjonsskifte og ein vedvarande stram arbeidsmarknad, gjer ikkje oppgåva enklare. Å utsetje denne tilleggsfinansieringa til ein seinare periode, ville på den andre sida medføre svekka innsats på viktige område for kommunesektoren i de næraste åra – kanskje også innebære ei varig svekking.

### **Eingangsjustering av inntekt med 15%.**

Ei eingangsjustering av samla inntekt på 15% (ca 28,7 mill kroner) gjennom fireårsperioden, synes å vere eit tilstrekkeleg tillegg til alminnelig indeksering, for at KS skal kunne gjennomføre dei viktigaste tiltaka for å ruste organisasjonen til å møte komande utfordringar på ein god måte. Opptrappinga kan takast i to trinn, gjennom utrekninga av kontingent for 2009 og 2011.

### **Kva vil justeringa medføre ?**

- **Skole og utdanning**

Både arbeidsgjevar- og utviklingsrolla innan skule og utdanning må styrkjast. Dette gjeld særleg det arbeidet KS gjer overfor kommunane og fylkeskommunane. Førebels utrekningar syner at dette vil koste om lag 10 mill kroner. Ein slik sum vil gjere det mogleg både med nye årsverk til KS i regionane/fylka og styrking og fordjuping i KS sentralt, når det gjeld forvaltning, fag og forhandlingar.

- **Miljø, tryggleik og beredskap.**

Å møte nye oppgåver på miljø, tryggleik og beredskap ventast å krevje 4-6 mill kroner.

- **Kostnadsutrekningar av reformer og andre endringar som påverkar kommunal sektor.**

Gjennom konsultasjonsordninga har KS oppnådd gjennomslag for eit system der kostnadane ved reformer og oppgaveendringar som påverkar kommunal sektor skal utreknast i fellesskap av staten og KS. Dette er svært viktig for å syte for at reformer og liknande faktisk vert fullfinansierte, noko som utgjer milliardbeløp for sektoren. For å få gjennomslag for kommunesektoren sine interesser trengs det solid fagleg dokumentasjons-, utgreiings- og analysearbeid. KS løyser i dag denne oppgåva ved å nytte eksisterande kompetanse, men må i for stor grad basere seg på at staten legg premissane. For å kunne gå tyngre inn i denne oppgåva vil KS ha behov for å styrke bemanninga med samfunnsøkonomisk kompetanse for 1,5 – 2 mill kroner.

- **Samhandling helse og omsorg.**

Effektivisering i sjukehusa påverkar omfanget av oppgåver og kostnader i kommunal sektor. Kommunane opplever å ha langt meir ressurskrevjande brukarar enn berre få år attende. Ei viktig årsak til dette er at pasientar som tidlegare vart ferdigbehandla i sjukehus nå krev oppfølging i dei kommunale pleie- og omsorgstenestene. Utviklinga påfører kommunal sektor store utgifter. Samhandling mellom sjukehus og kommunar er ein av de største utfordringane i norsk helsevesen. Pr. i dag syner det seg vanskeleg å få til ei god nok samhandling basert på likeverde mellom kommunane og helseforetaka. Helseforetaka vert for dominerande aktørar. Det er eit stort behov for å ruste opp kommunane for å samordne sine interesser, slik at dei kan samarbeide med sjukehusa på likeverdig basis. For å lukkast med dette er det naudsynt å setje inn kompetanse på kommunal side som kan leggje til rette for, og samordne felles kommunale interesser, i tillegg til å "matche" helseforetaka på faglig basis. For å lukkast med denne oppgåva bør feltet styrkjast med solid helsefagleg og organisatorisk kompetanse, innanfor ei ramme på 2,5 – 3 mil kroner.

- **NAV - reforma**

Reforma er ei sær stor og krevjande omstillingsreform. Tunge prosessar knytt til IKT, økonomi, kompetanse, fagutvikling osv. går føre kontinuerleg. Reforma skal vere basert på likeverde og partnerskap mellom stat og kommunar. På vegner av kommunane sit KS på mange måtar på gjennomføringssida i reformprosessen. Det er ei oppgåve organisasjonen pr. i dag ikkje er rusta for. Maksimalt ei handfull medarbeidarar (anslagsvis halvanna årsverk!) skal "matche" eit statleg direktorat med 600 medarbeidarar. Mykje kan løysast ved å jobbe smart, trekkje på medlemsressursar og ikkje engasjere seg i for mange detaljar. Likevel; dersom KS i sterkare grad skal medverke til å ruste opp kommunane til ein meir likeverdig maktfaktor mot staten på dette området må organisasjonen styrkje talet på tilsette. 2 mill kroner vil vere eit minimum.

- **Samferdsle**

Krava til effektiv infrastruktur har vore aukande over lang tid og ventast å kunne verte ei oppgåve i vekst for kommunar og fylkeskommunane framover. Ny teknologi og koplinga til miljøkrav side om side med kravet til effektivitet, tilseier at det må byggjast ny kompetanse på dette området for om lag 2 mill kroner.

- **Tarifforhandlingar og kommunikasjon**

Erfaringane med krevjande hovudoppgjer og særleg forhandlingar knytt til arbeidstidsavtala til lærarane, medfører periodar med store krav til særskilt kompetanse og kapasitet i høve til ekstern kommunikasjon og medlemservice. KS må sikrast tilstrekkeleg evne til å ivareta desse kritiske oppgåvene på vegner av sine medlemmer i komande landstingsperiode, der ein og skal forhandle om ei ny hovudavtale.

Med dagens kapasitet vil mellom anna opplæring vere skadelidande. Ei styrking av noverande bemanning med om lag 3 mill kroner synes naudsynt.

- **EU/EØS som rammevilkår**

Noreg er gjennom EØS-avtala forplikta til å innarbeide lov, forskrifts- og regelverk som får stadig større betydning for lokalforvaltninga. Kommunesektoren treng eit KS som følgjer utviklinga tett på relevante område både for å kunne få innverknad/påverke utviklinga, og samtidig tilby kontinuerleg medlemsinformasjon om korleis den utviklinga som skjer, får innverknad for kommunane. Utvikling av kapasiteten ved KS kontoret i Brussel og av europakompetansen i KS generelt, vert sett på som naudsynt for å ivareta medlemmene sine interesser på dette området. I sum reknar vi med at innsatsen knytt til internasjonal oppfølging må aukast med ca 2 mill kroner.

## **5.2 Dagens modell for utrekning av kontingent, vedteke på Landstinget i 2004**

KS Landstinget vedtok 28. januar 2004 at landsstyret skulle fatte endeleg vedtak om kontingenten for denne perioden, etter å ha fått ei utgreiing om endra kontingentsatsar, der ein særleg såg på fylkeskommunane sin del og kva konsekvensar endringane ville medføre for KS.

Landsstyret vedtok i mai 2004 at kontingenten skulle fastsetjast på landsstyremøte i oktober same år, etter eit forslag fremja av sentralstyret. Landsstyret fatta vedtak

12.oktober 2004, i samsvar med forslaget til kontingentutrekning som sentralstyret la fram.

Utgangspunktet var ein reduksjon i den totale kontingentramma på 10 mill kroner i høve til førre periode. Dette følgde av den innstillinga sentralstyret hadde gitt landstinget i januar. Etter å ha vurdert konsekvensane av ulike måtar å innarbeide budsjettinnstramma på, vart det vedteke å ta reduksjonen over FoU-kontingenten (tidlegare kalla UoD), slik at fylkeskommunane fekk full effekt med reduksjon på 10,5 mill kroner, mens kommunane fekk ei marginal auke på 0,5 mill kroner. Denne omfordelinga reflekterte den forskyvinga av aktivitetar som hadde funne stad frå fylkeskommunar til kommunar. Samtidig vart det påpeika at den rolla KS hadde fått i høve til skuleeigar- og arbeidsgjevarrolla innan vidaregåande skule, ville representere ei utfordring på fylkeskommunalt nivå. Arbeidet på dette området har gjennom perioden synt seg å verte viktigare og viktigare.

Gjennom å redusere FoU-kontingenten pr. innbyggjar for fylkeskommunane og samtidig redusere fylkeskommunane sin maksimumssats på ordinær kontingent, fekk dei folkerike og største fylkeskommunane mest utteljing av reduksjonen.

For å dempe dei negative utslaga av lågare FoU-kontingent på utgreiingsverksemda, vart krava til prosjekta sin strategiske relevans innskjerpa frå 2004, ikkje minst i høve til staten og andre partars bruk av ordninga.

Prosjekta skal fokusere på rammevilkår og lokaldemokrati, arbeidsgjevarutvikling, organisering, kvalitet og effektivisering. Det vert kravd påviseleg overføringsverdi og skal leggjast vekt på å utvikle verkty og ny kunnskap for utviklinga i kommunane og fylkeskommunane.

For å få best mogleg kvalitet, legitimitet og mest for pengane, kjøper KS gjennom FoU ordninga ekstern kompetanse blant landets forskings- og konsulentmiljø. Det er uhensiktsmessig og for kostbart for KS å byggje opp tilsvarande eigen kompetanse på desse satsingsområda.

Kommunane og fylkeskommunane sin medlemskontingent til KS er etter dagens ordning basert på eit variabelt beløp utrekna etter talet på innbyggjarar. Kommunane betalar og eit fast grunnbeløp. Med grunnbeløp og maksimumsgrenser vert det oppnådd ein utjamningseffekt mellom små og store medlemmer.

I 2007 er grunnbeløpet på 32.213 kroner. Den ordinære kontingenten er samtidig avgrensa til ein øvre maksimumskontingent på 3.418.890 kr for kommunane og 3.124.693 kr for fylkeskommunane.

Ordninga inneber årlege justeringar av kontingent og rammer i samsvar med den reelle endringa i konsumpris-, folketals- og lønnsvekstindeks.

Kontingenten til FoU, som inngår i total kontingent til KS utgjer 4,15 kr pr innbyggjar for kommunane og 3,12 kr for fylkeskommunane. Desse satsane vert inflasjonsjusterte årleg i høve til utviklinga i konsumprisindeksen. Denne indeksen kompenserer dermed ikkje fullt ut for den faktiske prisstigninga for kjøp av denne type løna arbeid. Nominell lønnsutvikling for høgt etterspurt kompetanse overstig inflasjonsrata. Over år inneber det ei ikkje ubetydelig svekking av FoU kontingenten si reelle kjøpekraft.

I samband med avviklinga av finansieringsordninga for Kommunal Opplæring (KO), oppsto ein ekstraordinær del av kontingenten som erstatting for medlemsinntekta KO-verksemda utgjorde. Denne delen vert utrekna etter eigne innbyggjarsatsar på 4,63 kr. for kommunane og 1,92 kr for fylkeskommunane. På same vis som med FoU-midla, vert inntekta ikkje omfatta av maksimumsgrensene. Oslo betalar ikkje slik kontingent, då Oslo heller ikkje hadde den opphavlege opplæringskontingenten.

Gjeldande ordning tillet at sentralstyret ved særskilte større prosjekt/tiltak kan fastsetje ein rimelig tilleggskontingent for deltakande kommunar.

Effektiviseringsnettverka vert

finansierte på denne måten, men med ei viss underdekning i høve til faktisk ressursbruk. Det same gjeld storbyforskning og prosjekta for kommunestruktur og regionstruktur.

### **5.3 Effektivisering og forbetra økonomistyring i KS**

KS har sett i verk fleire kostnadsreduerande tiltak sidan 2004 og har ein økonomi i balanse. Det er gjennomført bemanningsreduksjonar innanfor enkelte område som følgje av omprioritering og meir effektive samhandlingsrutinar. Siste årsrekneskap synte eit overskot på 3,4 mill kroner (2006) og for inneverande år vert det budsjettert med eit marginalt overskot på 0,4 mill kroner.

KS arbeider kontinuerleg med reduksjon av ressursbruk på interne tenester gjennom effektiviseringstiltak og ny teknologi. Interne tenester har hatt tilnærma konstant bemanning dei siste åra, på tross av større arbeidsmengde. Gjennom å samle oppgåver og utnytte stordriftsfordelar vert det frigjort ressursar til medlemsretta verksemd.

I tillegg til den effektiviseringa som har funne stad i KS si verksemd dei seinare åra, har KS sett i gang ein spare- og effektiviseringsplan for budsjettåret 2008. For det første, er det innført eit rapporteringssystem som gjer det mogleg å knytte konkrete mål og tiltak meir eintydig til dei strategiplanane som er godkjente av styret, for å sikre at naudsynte prioriteringar vert i samsvar med overordna målsetjingar. Bemanningsbehovet vert vurdert systematisk på kort og lang sikt, i høve til strategiplanane. For å gjere det mogleg å førebu innsats på nye prioriterte oppgåver, vert det i 2008 budsjettert med innsparing av lønskostnader tilsvarande fem årsverk. Dette inneber at vakansar vert haldne opne så lenge som mogleg, saman med restriktiv vikarbruk og utstrakt samarbeid på tvers i organisasjonen. Ingen nye vert tilsett utan at det først vert vurdert om det fins alternative løysingar gjennom fleksibel bruk av eksisterande personell, mellom anna i form av anna arbeidsdeling og hospitering. I budsjettet for 2008 er det i tillegg kutta i alle aktivitetar som ikkje utgjer direkte ulemper for medlemmene, som til dømes planlagt reiseverksemd, kurs, arrangement, internasjonalt arbeid og nyinnført traineeordning. Den opptrappinga av lokal verksemd som KS har under planlegging, krev likevel større inntektsrammer enn dagens kontingent gir rom for.

KS etablerte ved inngangen til 2007 eit heileigd dotterselskap med namnet KS-Holding AS, som har teke over eigarskapet til dei fire heileigde dotterselskapa av KS. Holdingselskapet har ikkje eigne tilsette, men vert administrert gjennom leiinga av

KS. Gjennom ei effektiv og heilskapleg konsernstyring av desse verksemdene, venter KS at konsernet på lang sikt vil kunne yte eit ikkje ubetydeleg finansielt bidrag til medlemsorganisasjonen. Alle verksemdene skal dessutan på kvar sin måte medverke til å understøtte medlemsarbeidet til KS.

Det har vore fokusert på tydelegare skilnad mellom kontingentfinansierte tenester og tenester som kan tilbydast og fakturerast enkeltmedlemmer som tillegg til ordinær kontingent. Særskilte rådgjevings- og konferansetenester vert tilbydd medlemmene gjennom KS-Konsulent AS, som vart skilt ut som eit eige heileigd dotterselskap i 2005.

Advokatverksemda i KS utfører i tillegg til kontingentfinansierte oppgåver, stykkbetalte tilleggsoppdrag for medlemmene på førespurnad.

Administrasjonen har sett fokus på at utilsikta kryssubsidiering av betalte tilleggstenester må avgrensast mest mulig.

Vanlegvis vil betre økonomistyring og kontrollrutinar medverke til dette. Nye krav til leiarane si budsjettoppfølging og kontinuerlige resultatrapportering er tiltak i denne samanheng. Frå og med 2007 rapporterer alle einingsleiarar rekneskap mot budsjett kvartalsvis, med krav til kommentarar på avvik og prognoser. På tilsvarande måte vert dotterselskapa sine kvartalsvise resultat konsolidert og rapportert via det nystifta holdingselskapet KS-Holding AS. All verksemd eigd av KS som ikkje direkte inngår i tilbodet av medlemstenester er samla i ei selskapsrettsleg konserneining.

Sentralstyret mottok no ein meir heilskapleg oversikt over den økonomiske utviklinga gjennom året. Positiv utvikling i dotterselskapa vil saman med den økonomisk forsiktige ressursbruken i KS styrkje den finansielle handlefridomen over tid. Det betyr at KS då vil kunne finansiere fleire og betre medlemstenester, utan å måtte hente midlane inn gjennom kontingenten aleine. Pr i dag er det relativt lite utbytte frå dotterselskapa, men selskapa har ein tilfredsstillande soliditet, og innanfor ein horisont på 5-10 år, ventar ein at verksemdene skal medverke med ikkje ubetydelige beløp.

#### **5.4 Utrekning av ny kontingent**

Kommunenettverk utgjør eigne finansieringsalternativ til medlemskontingenten. Kor stramt den ordinære kontingenten skal avgrensast i høve til ein "tilbudsmeny" medlemmene sluttar seg til etter behov, vil styre kor mykje KS kan tilby fellesskapet og kva som må finansierast særskilt.

Vi legg til grunn at KS sine tenester i all hovudsak framleis skal tilbydast medlemmene på grunnlag av felles kontingentfinansiering. For å sikre at utrekningsgrunnlaget er rettferdig og i samsvar med den nytte medlemmene har av tilbodet, har KS utgreia alternativ til dagens kontingentordning, som på kvar sin måte kan ivareta ønska nivåjustering i høve til 2008.

#### **Basisløysing: Vidareføring av dagens ordning, med nivåjustering.**

Ordninga med årlege justeringar av kontingent og rammer i samsvar med den reelle endringa i konsumpris-, folketals- og lønnsvekstindeks vert vidareført. Det vert gjort ei

eingangsjustering av satsar pr innbyggjar i kommune og fylkeskommune med 10%, fordelt på 5% i 2009 og 5% i 2011. Maksimumsgrensa vert justert i utgangspunktet med 10% frå 2009, men får ei særskilt tilleggjustering på grunn av inkorporeringa av kontingentdelen frå Kommunal Opplæring. Grunnbeløpa for kommunane vert auka i tilstrekkeleg grad for å gi ei samla realjustering av kontingenten til KS på 15% i høve til 2008. eksempla som vert gjeve, baserer seg på tal i 2007-kroner. Det inneber ei auke av grunnbeløpet på om lag 29.000 kr. Det nye grunnbeløpet vil framleis ikkje utgjøre meir enn ca 60.500 kr, fordelt på to justeringar.

Kontingenten til FoU, som inngår i den totale kontingenten til KS utgjør 4,15 kr pr. innbyggjar for kommunane og 3,12 kr for fylkeskommunane i 2007. Desse satsane vert regulerte med same sats som ordinær kontingent, det vil seie 10% fordelt med 5% på kvart av åra 2009 og 2011. Ordninga med årleg inflasjonsjustering av desse satsane i høve til utviklinga i konsumprisindeksen vert foreslått modifisert slik at indekseringa heretter også tek omsyn til lønsvest, slik det vert gjort for ordinær kontingent. Dette vil hindre at realverdien på FoU-midla vert redusert, som følgje av at nominelle lønskostnader har ei høgare vekstrate enn inflasjonen.

Inntektene frå opplæringskontingenten (KO) vert innarbeidd i dei ordinære innbyggjarsatsane og fjernast dermed som ei særskilt utrekning. Det vil seie at opplæringsatsen på 4,63 kr vert lagt til den ordinære satsen på 16,20 kr for kommunane og 13,27 kr for fylkeskommunane. I sum blir dette høvesvis 20,83 kr og 17,90 kr pr. innbyggjar. Desse satsane vert justerte i to trinn, først 5% i 2009 og nye 5% i 2011, i alt 10%. Opplæringskontingenten har ikkje vore avgrensa av maksimumsgrensa og den nye, ordinære kontingenten si maksimumsgrense vert dermed justert opp 30% totalt frå og med 2009, for å kompensere for bortfallet av den særskilte inntekta knytt til opplæring. Eit unntak gjeld for Oslo, som ikkje har teke del i opplæringskontingenten og derfor heller ikkje får denne tillagt innbyggjarsatsen. Elles vert innbyggjarsatsane for Oslo justerte tilsvarende i to trinn på 5%, mens oppjusteringa av maksimumsgrensa av same grunn avgrensast til 10%.

Modellen vidarefører den utjamningseffekten ein oppnår ved å nytte både grunnbeløp og maksimumsgrense i tillegg til proporsjonale innbyggjarbaserte satsar. Sidan det er behov for å styrke medlemstenestene både sentralt og regionalt, er det rimeleg at både kommunar og fylkeskommunar medverkar til å styrkje medlemsfinansieringa. Med dei justeringane som no vert tekne, synes dette løyst på ein balansert måte, innanfor dagens modell.

På denne måten vert det vidareført ein solidarisk utrekningsmetode, der alle medverkar, samtidig som belastninga for dei folkerike kommunane avgrensast ved at grunnbeløpa vert auka meir enn innbyggjarsatsane.

Dette er i samsvar med ei vurdering av at grunnbeløpa kan synast små i utgangspunktet, spesielt i høve til den nytte dei minst folkerike kommunane truleg har av medlemskapen.

Det er lagt vekt på å unngå at det oppstår skeiv belastning etter størrelse. Det er eit siktemål at alle medlemmene framleis vil oppfatte verdien av arbeidet KS gjer som langt større enn prisen på medlemskapen.

Fire døme kan illustrere korleis dei nye utrekningane slår ut (overslag i 2007-tall): For mellom anna å relatere tala til dei ressursane arbeidstakarorganisasjonane disponerer, er den nye kontingenten og sett i forhold til talet på årsverk i kommunane.

Torsken kommune, med ca 1.030 innbyggjarar og 92 årsverk, får ein ny kontingent på ca 88.000 kr, ei auke på ca 30.000 kroner. Den nye kontingenten vil utgjere om lag 950 kr pr årsverk i kommunen.

Stranda kommune, med ca 4.600 innbyggjarar og 215 årsverk, får ein ny kontingent på ca 185.000 kr, ei auke på ca 39.000 kroner. Den nye kontingenten vil utgjere om lag 860 kr pr årsverk i kommunen.

Narvik kommune, med ca 18.500 innbyggjarar og 1.065 årsverk får ca 565.000 kr i ny kontingent, ei auke på ca 74.000 kr. Den nye kontingenten vil utgjere om lag 530 kr pr årsverk i kommunen.

Bærum kommune, med ca 105.000 innbyggjarar og 5.819 årsverk får ca 2.970.000 kr i ny kontingent, ei auke på ca 290.000 kr. Den nye kontingenten vil utgjere om lag 510 kr pr årsverk i kommunen.

Som ei samanlikning, vil den nye kontingenten pr årsverk i ein typisk kommune berre utgjere 10 – 20 % av medlemskontingenten til fagforeiningane på arbeidstakersida. Enno mindre dersom ein skulle korrigere for at talet på tilsette er høgare enn talet på årsverk.

Med dei nye satsane, ventast den samla kontingenten for alle kommunane å verte ca 143 mill kroner pr. år, medan fylkeskommunane i sum vil bidra med ca 77 mill kroner, totalt 220 mill kroner. Dette vil i alt representere ei auke på ca 28,7 mill kroner i høve til noverande kontingentinntekt. Kommunane vil etter dette dekke 65% av kontingenten, mens fylkeskommunane vil dekke 35%.

## **5.5 Alternative modellar**

Det låg ei grundig utgreiing av ulike utrekningsmodellar til grunn for handsaminga på førre landsting. Ulike omsyn vart den gang veid opp mot kvarandre og dagens modell syntes å vere mest føremålstenleg. Det er no gjort ei ny vurdering av alternativ utrekningsmetodikk, men det er ikkje funne tungtvegande grunnar til å gå bort frå noverande struktur med grunnbeløp, innbyggjarbaserte rate og maksimumsbeløp.

Med innbyggjartal som utrekningsgrunnlag, vil ikkje kontingenten ta omsyn til i kva grad kommunar skil ut eigenfinansierte interkommunale verksemder eller aksjeselskap. Blant dei aktuelle alternativa til dagens modell, er det vurdert om lønskostnader kunne utgjere eit betre utrekningsgrunnlag enn innbyggjartal. Spørsmålet er om lønskostnadane i kommunen syner eit betre samsvar med den nytteverdi same medlemen har av den totale verksemda i KS.

### **Alternativ 2 Dagens ordning supplert med eit inntektsbasert element.**

Inntektsbaserte utrekningsgrunnlag kan tenkast innført i fleire variantar. På den eine sida ville det ikkje vere urimelig om medlemsorganisasjonen sitt inntektsgrunnlag

varierte i samsvar med medlemmane sitt. På ei anna side vil ikkje medlemmane vere tent med at ressursinnsatsen i interesseorganisasjonen vert svekka når den kanskje trengs som mest.

Å nytte inntekter som utrekningsgrunnlag reiser nokre komplekse spørsmål. I utgangspunktet synes kommunen sine frie inntekter å vere mest relevant, sjølv om mogleg vekst i øyremerkte statlege overføringar til kommunane kan ha stor betydning.

Den eksisterande modellen kan supplerast med ein fastsett terskelverdi for frie inntekter pr innbyggjar i kommunen, målt mot ein gjennomsnittleg verdi frå tidligare år, tidlegare års trendvekst. På denne måten kan KS oppnå ei ekstra kontingentauke avhengig av kor høg vekst dei frie inntektene faktisk syner over tid. Som interesseorganisasjon med målsetjing om å få gjennomslag hos statlege styresmakter for auka inntektsoverføringar til kommunane, vil innføring av eit slikt element være incentivriktig. Interesseorganisasjonen vert løna til ei viss grad etter oppnådde resultat for sine medlemmer. Samtidig kan det innvendast at kontingentinntektene på denne måten ville vert meir avhengige av politisk utvikling, særleg tilhøvet mellom øyremerkte og frie midlar.

Ein slik modell ville kunne innebere langt større svingingar i kontingentinntektene, dersom den utgjorde ein sentral del av utrekningsgrunnlaget. Det synes ikkje aktuelt å erstatte innbyggjarbasert utrekning - berre å supplere denne. For å sikre eit kontinuerleg interesse- og rådgjevingsarbeid, ikkje minst i tider der kommunesektoren har ein pressa økonomi, er det viktig at KS har sikre inntekter. Dette kan ein oppnå med ei ordning som gir ei oppside for kontingentauke, utan at det inneber tilsvarande kutt i kontingenten om utviklinga i dei frie inntektene skulle verte svakare enn venta. Til dømes kan det fastsetjast ein vekstfaktor som dei frie inntektene må overstige for å gi utteljing, medan lågare vekstrate ikkje gjer noko utslag. KS vil dermed ikkje oppnå ei permanent auke, berre kortvarige ekstraintekter for periodar der kommunesektoren mottok høgare frie inntekter enn tidlegare trend tilseier.

Ei ulempe ved dette alternativet vil vere kompleksiteten. Det er eit mål i seg sjølv, å ha ein modell som er enkel og som ein kjenner konsekvensen av.

### **Alternativ 3 Samordning med KS Bedrift med omsyn til felles tak**

Som ei innvending mot ein innbyggjarbasert kontingent, har det vore påpeika at kommunar ikkje får noko reduksjon av kontingenten til KS, dersom verksemdar vert skilt ut i eigne selskap som betaler kontingent til KS Bedrift. Til dette kan det seiast at kommunen i hovudsak har like stor interesse av det arbeidet KS utfører for kommunesektoren uansett korleis det enkelte medlem innrettar si organisering. Samtidig er det mogleg å tilpasse ordningane for å unngå at enkeltmedlemmer skal kunne kome uforholdsmessig skeivt ut, gjennom å samordne ei maksimumsgrense for kontingent til KS og KS Bedrift.

Dette alternativet har som føresetnad at begge dei andre alternativa kan supplerast med innføringa av ei maksimumsgrense for sum av kontingent til KS og KS Bedrift. For å ta omsyn til storleiksforskjellar, kunne det gjerast gjeldande to samordna maksimumsgrenser, med same skile etter talet på tilsette som gjeld for

kontingentordninga i KS Bedrift. Det vil være ei komplisert oppgåve å finne fram til sameina løysningar for ein slik modell.

Halvdan Skard

Olav Ulleren

## **Vedlegg 1: Fakta om kontingentinntektene i andre organisasjonar**

**NHO** har i overkant av 17 000 medlemsbedrifter innan handverks-, industri- og servicebedrifter. I NHO-bedriftene er det ca. 455 200 arbeidsplassar. Kontingenten til NHO er todelt. Den inneheld ein kontingent til bedriftene si bransje-/landsforeining i NHO. Her varierer satsane på grunn av variasjon i servicetilbodet i dei ulike landsforeiningane.

Den andre delen inneheld ein kontingent til NHO (sentral eining + regionforeining). Denne kontingenten utgjer 1,5 promille av lønsutbetalingane til den enkelte medlemsbedrift, men minimum kr. 2000,- pr. år. Denne kontingenten utgjorde i 2006 om lag 254 mill. kroner.

Bedrifter med tariffavtale må i tillegg betale ein årleg premie til konfliktfondet på 0,45 promille av utrekningsgrunnlaget. Det vert gjeve opptil 25 prosent rabatt for bedrifter med høg lønsdel i høve til salsinntekter.

NHO-hovudkontoret har ca. 205 tilsette. Ved fylkeskontora er det ca. 82 tilsette. NHO-landsforeiningane - arbeidsgjevarsida sine bransjevise organisasjonsledd er samla sett større enn NHO. Desse 22 landsforeiningane har ca. 641 tilsette. Til saman har NHO-systemet ca 828 tilsette.

**Fagforbundet** har ca. 290.000 medlemmer. Av dette er ca. 100.000 pensjonistar og fri - medlemmer. Medlemskontingenten er 1,1 prosent av lønsutbetalinga og utgjorde 547 mill. kroner i 2005. I tillegg betaler medlemmene 0,35 prosent til lokal foreining (totalt ca. 135 mill. kroner).

Pensjonistmedlemmer betaler kr. 300,- pr. år inntil fylte 70 år. Det er 287 tilsette i Fagforbundet - ca. 200 sentralt, og i tillegg 500 tillitsvalde på heiltid.

**Utdanningsforbundet** har ca. 140.000 medlemmer. Av desse er ca. 40.000 pensjonistar eller medlemmer som betalar redusert kontingent. Medlemskontingenten er 1,35% av brutto løn og maks kr. 480,- pr. måned. Totale kontingentinntekter i 2006 var på 463 mill. kroner. Utdanningsforbundet har 160 tilsette sentralt og ca. 70 tilsette i fylka. I tillegg har organisasjonen ca. 20 årsverk for tillitsvalde sentralt og ca. 150 årsverk for tillitsvalde lokalt/på fylkesplan som vert løna av forbundet. I tillegg til dette har organisasjonen tillitsvalde og hovudtillitsvalde som vert løna av kommunane/fylkeskommunane i høve til Hovudavtala.

### **Samanlikning med nordiske søsterorganisasjonar (tentativ)**

Nedståande oversikt er noko tentativ då tilhøva i dei ulike landa er til dels nokså ulike, både med omsyn til organisering, tenestetilbod/arbeidsområde og inntektssystem/inntektsområde. Å få til ei kortfatta og samtidig dekkjande utgreiing om ulikskapen samt ei meiningsfylt samanlikning, er difor ikkje enkelt.

Ei fordeling av medlemskontingent og totalbudsjett basert på talet på innbyggjarar slik som synt nedanfor gjer likevel eit visst bilde. Det går fram at alle våre søsterorganisasjonar har større ressursar, særleg i Danmark og Sverige, som begge har om lag dobbelt så høge inntekter som norske KS, omrekna til felles valuta.

**NOREG  
KS**

Medlemskontingent: N.kr 191.716 mill. Tilsvare N.kr 42,39 pr innbyggjar.  
Kontingent på N.kr 14.750 mill til KS Bedrift er ikkje medrekna.

Andre inntekter: N.kr 34.562 mill.

Totalbudsjett: N.kr 226,27 mill. Tilsvare N.kr 50 pr. innbyggjar.

**DANMARK  
KL**

Medlemskontingent: D.kr 136 mill. Tilsvare D.kr 30,47 pr innbyggjar.

Andre inntekter: D.kr 173 mill

Totalbudsjett: D.kr 309 mill Tilsvare D.kr 74,72 pr innbyggjar.

**DANSKE REGIONER** (Tidligere Amtsrådsforeningen)

Medlemskontingent: D.kr 103.280 mill. Tilsvare D.kr 19,03 pr innbyggjar.

Andre inntekter: D.kr 36.206 mill.

Totalbudsjett: D.kr 139.485 mill. Tilsvare D.kr 25,70 pr innbyggjar.

**SVERIGE  
SKL**

Medlemskontingent: S.kr 425 mill Tilsvare 46,91 pr innbyggjar.

Andre inntekter: S.kr 252 mill

Totalbudsjett: S.kr 677 mill Tilsvare S.kr 74,72 pr innbyggjar.

**FINLAND  
FKF**

Medlemskontingent: Euro 13,5 mill (N.kr 110 mill) Tilsvare N.kr 20,86 pr innbyggjar.

Andre inntekter: Euro 16,5 mill (N.kr 134,5 mill)

Totalbudsjett: Euro 30 mill (N.kr 244,5) Tilsvare N.kr 46,31 pr innbyggjar.

## **Vedlegg 2: Kontingenten til bedriftsmedlemmene**

Kontingentsatsane for 2007:

1. Fast del av kontingent for bedrifter (utan e-verka) med 24 tilsette eller mindre:  
kr. 10.270
2. Fast del av kontingent for bedrifter (utan e-verka) med meir enn 24 tilsette:  
kr. 21.330
3. Variabel del av kontingent:  
0,192 prosent av bedrifta sine samla arbeidsgjevaravgiftspliktige lønsytingar frå førre året. For nyetablerte bedrifter vert lønnsbudsjettet lagt til grunn.

For energibedriftene gjelder egne satsar:

1. Fast del av kontingent med 24 tilsette eller mindre:  
kr. 12.324
2. Fast del av kontingent med meir enn 24 tilsette:  
kr. 25.596
3. Variabel del av kontingent:  
0,222 prosent av energibedrifta sine samla arbeidsgjevaravgiftspliktige lønsytingar frå førre året. For nyetablerte bedrifter vert lønnsbudsjettet lagt til grunn.

Landsmøtet for bedriftene fastset prinsippa for kontingenten for bedriftsmedlemmene. Det går for tida føre eit kontingentarbeid i KS Bedrift sine organ. Forslag vil bli fremja på Landsmøtet i 2007.